

Særutskrift for Førde kyrkjelege fellestråd

Tid: 14. september 2010

Førde kyrkjelege fellestråd har i møte den 14. september 2010 hatt følgende sak til behandling:

23/2010 Framlegg om endringar i gravferdsslov og kyrkjelov – høyringssvar.

VEDTAK

Førde kyrkjelege fellestråd sluttar seg til uttalen frå KA med desse presiseringane

1.7 Rett til grav.(§ 6)

Det må tydeleggjerast kva krav til tilrettelegging som gjeld, slik at fellestrådet er gjort kjend med kva ulike kriterier ein skal stette. Dette er svært viktig både i forhold til kva forpliktingar dei ulike fellestråd har og kva rettar som pårørande har.

1.8 Betegnelse. (§2)

For mange vil gravplass vere ei meir naturleg nemning enn gravlund. Ein føresler difor at gravlund og gravplass vert sidestilt som nemning der kyrkjegard ikkje skal nyttast.

1.10 Fristar for gravlegging og kremasjon (§§ 10,12 og 13)

Ein ser at det av praktiske årsaker kan vere behov for å forlenge 8. dagars fristen. Men samstundes er inntil 14 dagar frå dødsfall til gravferd i lengste laget. I høyringsnotatet er det lagt vekt på praktiske årsaker og på religiøse årsaker, men det er ikkje drøfta noko om dei menneskelege omsyna. Det vil sjølvstakt vere avgjerande korleis denne fristen vert praktisert, men for mange vil inntil 14 dagar frå dødsfall til gravferdsdag vere noko i lengste laget.

Samrøystes vedtak.

Rett utskrift;

For Førde kyrkjelege fellestråd

Oddvar Etnestad(s)
- kyrkjeverje -
